



Å vente



Mål

Menneskeverdet, identitet og kulturelt mangfald. Skaparglede, engasjement og utforskarkrøng. Sosial læring og utvikling. Tverrfagleg kompetanse. Folkehelse og livsmeistring.

Utstyr

Noko å fotografere med, fargeskrivar, saks, små lilla ark, bomull, kvit akrylmaling og klistermerkestjerner.

Advent er namnet på tida med juleførebuingar fire veker før jul med markering av dei fire søndagane. I den lutherske kyrkja byrjar kyrkjeåret første søndag i advent. Advent tyder *kome*. Den liturgiske fargen er fiolett.

Ta eit bilet av deg i heilfigur med vinterklede, der du til dømes ventar spent og med forventningar. Skriv ut i fargar og klipp ut. Ta eit lite lilla/blått ark. Ta ein bomullsbit og dypp i kvit akrylmaling. Svamp/prikk på biletet slik at det ser ut som at det snør og blæs. La det tørke. Klipp ut og lim på biletet av deg. Lim på stjerner. Lag ein klassecollage og still ut.

